

Kai S. Hysing
Sivlevegen 91
5700 Voss
Eigar av gnr19, bnr8 i Gloppen.

20.05.12

NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Uttale vedrørande «Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Gjengedal kraftverk».

SFE kjøpte fallrettane til Gjengedalsvassdraget i 1960-åra. Dei venta so lenge med utbygging at når dei ville sette i gang vart det stogga fordi samfunnet hadde innsett naturverdiane i området. Det var på tide å ta vare på dei for komande generasjonar. So kom ein lang prosess som førte til landskapsvern i området. Og viss ikkje området var privateigd ville det nok fått fredningsgraden nasjonalpark.

SFE hadde lagt ned mykje arbeid og pengar i planar og kjøp av fallrettar. Dei hadde ikkje teke atterhald om at kjøpet skulle gjerast om dersom det ikkje vart utbygging. Då tok SFE rettssak for å få gjort om kjøpet, og naturlegvis tapte dei. Igjen påførde dei kundane meir kostnader.

No er det på han att med forslag om ny utbygging i panikk for å få tilbake noko av dei feilinvesterte pengane. No skal det byggjast skånsamt flaumkraftverk. Og med det vil dei endre den naturlege svinginga til vasstanden i Storevatnet som ligg innafør det nye landskapsvernområdet. Dei vil produsera sommarstraum i lag med hundrevis av nye elvekraftverk. Dette skjer i det same fylket kor dei fekk endra grensene til Jostedalsbreen nasjonalpark for meir kraftutbygging, i Lunde i Jølster. Snakk om respekt for freda natur.

All prat om at kraftutbygginga skal erstatta forureinande produksjon i Europa er som alltid retorikk. Erfaring viser at all ny utbygging fører til auka forbruk. Og alle veit at betongterskler, (les «låge betongdammar»), endrar landskapet og vatnet sin naturlege gange. Elveløp vert tørre og fisk og vegetasjon vert påverka. Det vert anleggsvegar, og i neste omgang krav om utvida inngrep og auka produksjon. Og so kjem krav om lågare plassert inntaksopning og dispensasjon frå konsesjonsvilkåra til å senke Storevatnet i ein vinter med «akutt energibehov». Vi som har vakse opp med kraftutbygging veit litt om dette.

Gjengedalsvassdraget er eit av dei svært få attverande urørte vassdraga frå fjell til fjord. Store delar av dette vart freda gjennom vedtaket om landskapsvern i fjor. Men på tross av dette fortsett desse kraftfanatikanerane kampen for å øydeleggja den same naturen også innafør fredingsområdet. Grunnen er som nemnt at dei vil tene inn att nokon av pengane dei skusla bort i ein dårleg planlagt prosess.

Eg vil difor med dette protestera på det sterkaste mot denne utbygginga. Den vil øydeleggja store naturverdiar for alltid, også innafor eit område som samfunnet allereie har definert og vedteke som verneverdig. Flaumkrafta som ein kan få frå ei slik utbygging vil verta produsert i sommarhalvåret når trongen for kraft er minimal. Alle nye elvekraftverk vil ha produksjon på same tida, og økonomien i ei slik utbygging kan difor bli dårlegare enn forventa.

Tidlegare miljøvernminister Thorbjørn Berntsen nekta grunneigarane å leggja ut eit hyttefelt i nærleiken av Gjengedalsstøylen på 1990-talet grunna at det vart liggjande i randsona til eit kommande landskapsvernområde. Inntaket i Storevatnet og betongterskelen/-dammen vil vere i denne randsona.

Farfaren min leia kraftforsyninga i Sogn og Fjordane i meir enn ein mannsalder, og far min brukte også all sin arbeidsdag på kraftutbygging og produksjon. Som siv.ing. med hovudfag Anleggsdrift føler eg meg også fagleg kompetent til å uttale meg om moglege følgjer av ei utbygging.

Med beste helsing

Kai S. Hysing

